



Marint vern av Griphølen og Remman

Fastsett av Miljødirektoratet 15.12.2020



Forord

Fylkesmannen i Møre og Romsdal meldte 11. mai 2020 om oppstart og høyring av utgreiingsprogram for marin verneplan for Griphølen og Remman. Frist for merknader var sett til 30. juni. Det vart også sendt ut oppstartsbrief på nytt 9. juni til nokre mottakarar der det var tvil om den elektroniske utsendinga frå Fylkesmannen sitt arkivsystem hadde feila, med ny frist 15. august. På førespurnad fekk nokre aktørar også utsett frist - seinast til 20. august. Det kom også inn ein merknad 3. september som er tatt med.

Informasjonsmøte vart gjennomført på nett 28. mai 2020.

Det kom inn 15 merknader til oppstartsmeldinga. Merknadene er summert opp og kommentert av Fylkesmannen i eit særskilt merknadshefte. Kopi av merknadene ligg også ved heftet.

Merknadsheftet og revidert forslag til utgreiingsprogram ble sendt over til Miljødirektoratet 29.10.2020.

Miljødirektoratet fastsette utredningsprogrammet i brev 15.12.2020 i samsvar med § 16 i forskrift om konsekvensutgreiingar.

Molde, 15. desember 2020

Innhald

| | |
|--------------------------------------------------------------------------|----|
| Forord | 2 |
| 1 Innleiing..... | 4 |
| 2 Rammer for utgreiing og handsaming av verneforslaget..... | 5 |
| 2.1 Forskrift om konsekvensutgreiingar..... | 5 |
| 2.2 Utgreiingsprogram for konsekvensutgreiingar..... | 5 |
| 2.3 Innhaldet i konsekvensutgreiingar | 5 |
| 2.4 Handsaming av verneplan med konsekvensutgreiing | 6 |
| 2.5 Andre rammer..... | 6 |
| 3 Omtale av verneplanen | 7 |
| 3.1 Verneplanområdet i dag | 7 |
| 3.2 Verneomfang og aktuelle restriksjonar | 17 |
| 4 Tema og problemstillingar for miljø og samfunn som skal utgreiast..... | 21 |
| 4.1 Generelt om innhaldet i konsekvensutgreiinga | 21 |
| 4.2 Metode..... | 21 |
| 4.3 Tema og problemstillingar som skal utgreiast | 21 |
| 5 Prosess og medverknad..... | 24 |
| 5.1 Formell prosess | 24 |
| 5.2 Organisering av arbeidet | 24 |
| 5.3 Framdriftsplan..... | 26 |
| 5.4 Informasjon | 26 |
| 6. Referansar | 26 |
| 7. Vedlegg..... | 26 |

1 Innleiing

Det ligg vesentlege nasjonale og internasjonale forpliktingar til grunn for arbeidet med marint vern. Ei oversikt er gitt i fotnote nedst på sida. I det vidare er ei kort oversikt over bakgrunnen for og gangen i arbeidet.

FN-konvensjonen om biologisk mangfald har som mål å ta vare på det biologiske mangfaldet og bruke biologiske ressursar på ein berekraftig og rettferdig måte. Konvensjonen forpliktar landa til å bidra til at minst 17 prosent av landareala og 10 prosent av sjøareala globalt blir verna.

Rådgivande utval for marine verneområde vart oppnemnt i 1991. Utvalet la fram ei kartlegging av eigna marine verneområde i 1995, og ei bruttoliste over moglege kandidatområde til marin verneplan i 2001. I 2003 la utvalet fram ei førebels tilråding med forslag til område som blir tatt med i verneplanen, følgt opp av ei endeleg tilråding i 2004. Ei rad område er etter dette verna i samsvar med verneplanen, og fleire område ligg til handsaming i regjeringa.

I Stortingsmelding 14 (2015-2016) *Natur for livet - Norsk handlingsplan for naturmangfold* legg regjeringa til grunn at tverrsektorielt marint vern etter naturmangfaldlova § 39 framleis skal bidra til at eit utval av representative, særeigne, sårbare eller truga marine undersjøiske naturtypar og naturverdiar langs kysten og i territorialfarvatnet blir tatt vare på for framtida. Områda skal – saman med areal som er beskytta etter anna lovverk – danne eit nettverk av verna og beskytta område som skal ta vare på økosystem og naturverdiar. I forslag til statsbudsjett 2021 (Prop. 1 S (2020-2021)) peikar regjeringa på at dei framleis vil prioritere arbeidet med marint vern, og at det i 2021 vil bli arbeidd vidare med etablering av nye verneområde. Norge sine forpliktingar knytt til marint vern er gjort nærmere greie for i kap. 2.5.

Klima- og miljødepartementet bad i april 2017 Miljødirektoratet vidareføre arbeidet med marint vern for sju nye område. Mellom desse var Giske, Griphølen og Remman i Møre og Romsdal. Giske vart meldt oppstart for våren 2019. For Griphølen og Remman peikar departementet på at verneplanen skal omfatte ei konsekvensutgreiing av verneforslaget. Det er også presisert at for områda som er omfatta av eksisterande vern bør verneplanarbeidet vurdere korleis desse tar i vare marine verneverdiar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennomfører det praktiske arbeidet med verneplanen. Dette omfattar oppstartsmelding med utgreiingsprogram, utarbeiding og høyring av verneforslag med konsekvensutgreiing og til slutt oversending av tilråding til marint vern av Griphølen og Remman til Miljødirektoratet.

Miljødirektoratet utarbeider på dette grunnlaget ei tilråding til Klima- og miljødepartementet, som i sin tur handsamar verneforslaget i regjeringa, og legg det fram for Kongen i statsråd for vedtak.

2 Rammer for utgreiing og handsaming av verneforslaget

Naturmangfaldlova har særskilte reglar om sakshandsaming ved oppretting av verneområde (§§ 41-46), og miljørettsprinsippa som følgjer av § 7 skal ligge til grunn for vernevedtak. I tillegg gir forvaltningslova alminnelege reglar om sakshandsaming ved utarbeiding av forskrifter. Instruks om utgreiing av statlege tiltak (utgreiingsinstruksen) gjeld også ved oppretting av verneområde. Til slutt er verneplanar for store verneområde omfatta av krav om konsekvensutgreiing.

2.1 Forskrift om konsekvensutgreiingar

Forskrift om konsekvensutredninger av 21.06.2017 (KU-forskrifta) avklarar når verneforslag etter naturmangfaldlova skal innehalde ei konsekvensutgreiing. Formålet med forskriftena er å sikre at omsyn til miljø og samfunn blir vurdert i førebuinga av planer og tiltak, og når ein tar stilling til om og på kva vilkår planer og tiltak kan gjennomførast. Fylkesmannen er forslagsstiller (§ 4) og Miljødirektoratet ansvarleg myndighet (§ 5).

Området som er aktuelt for marint vern i Grøphølen er på 580 km². Planer for verneområde større enn 250 km² skal konsekvensutgreiast. Dette følgjer av forskriften sin § 6, bokstav c, og punkt 29 i vedlegg I til forskriftena.

2.2 Utgreiingsprogram for konsekvensutgreiingar

Kapittel 4 i KU-forskrifta gir reglar om at det ved oppstart av verneplanarbeid skal sendast på høyring ei melding med forslag til utgreiingsprogram som skal innehalde omtale av:

- a) planen eller tiltaket, det berørte området og dei problemstillingane som i den konkrete saken er sett på som viktige for miljø og samfunn
- b) kva forhold som skal utgreiast, og kva metodar som er tenkt nytta for å skaffe nødvendig kunnskap
- c) relevante og realistiske alternativ og korleis desse skal vurderast i konsekvensutgreiinga
- d) plan- eller søknadsprosessen, med fristar i prosessen, deltakarar og plan for medverknad frå særleg berørte grupper og andre.

Meldinga skal også innehalde kart over det berørte området.

Utgreiingsprogrammet er laga som ei samla utgreiingsoversikt, og omfattar både kartleggingar og utgreiingar som vil bli utført som grunnlag for den ordinære sakshandsaminga av verneforslaget, og dei utgreiingar som følgjer av KU-forskrifta.

På grunnlag av innkomne merknader etter høyringa sender Fylkesmannen revidert forslag over til Miljødirektoratet, som fastset utgreiingsprogrammet som ansvarleg myndighet

2.3 Innhaldet i konsekvensutgreiingar

Kapittel 5 i KU-forskrifta set krav til innhald i konsekvensutgreiingar. Utgreiingsprogrammet skal sikre at desse krava blir oppfylt. Generelt gjeld at konsekvensutgreiingar i innhald og omfang skal vere tilpassa det aktuelle verneforslaget, og vere relevant for dei avgjerdene som skal takast. Innhaldet i konsekvensutgreiingar er gjort nærmare greie for i kapittel 4.

Som for utgreiingsprogrammet vil verneforslaget innehalde eit samla høyringsdokument som inneheld det ordinære materialet knytt til verneplanen og utgreiingane som følgjer av KU-forskrifta.

2.4 Handsaming av verneplan med konsekvensutgreiing

Kapittel 6 i KU-forskrifta gir reglar om handsaming av konsekvensutgreiingar. Reglane omfattar krav til høyring og slutthandsaming av saka, og korleis eventuelle endringar i tiltaket etter høyring, og tilleggsutgreiingar og oppdateringar skal handterast.

Parallelt gjeld også dei krava til sakshandsaming av verneforslaget som er gjort greie for innleiingsvis i kapittel 2. For å sikre at desse blir dekt har Klima- og miljødepartementet fastsett eit eige rundskriv T-2/15 med sakshandsamingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldlova. Rundskrivet er gjort nærmare greie for i kapittel 5.1.

2.5 Andre rammer

Vern av områda vil bidra til å oppfylle følgjande nasjonale mål under resultatområdet Naturmangfald, jf. Prop. 1 S (2019-2020) for Klima- og miljødepartementet: "Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for kommande generasjonar".

Viktige nasjonale mål og internasjonale forpliktingar ligg til grunn for arbeidet med marint vern i Noreg:

- St.meld. nr. 37 (2008-2009) Helhetlig forvaltning av det marine miljø i Norskehavet (forvaltningsplan), jf. Innst. S. nr. 362 (2008-2009).
- Meld. St. 14 (2015-2016) Natur for livet. Norsk handlingsplan for naturmangfold, jf. Innst. 294 S (2015-2016).
- Meld. St. 35 (2016-2017) Oppdatering av forvaltningsplanen for Norskehavet, jf. Innst. 455 S (2016-2017).
- Prop. 1 S (2020-2021) for Klima- og miljødepartementet.
- Konvensjonen om biologisk mangfold (CBD).
- Verdens naturvernunion (IUCN).
- FN sine berekraftmål.

Verneplanarbeidet må og ta omsyn til regjeringa sine målsettingar for berekraftig bruk av kyst- og havområda og Stortinget sine handsamingar av desse. Viktige dokument er m.a.:

- Regjeringa sin havstrategi Ny vekst, stolt historie.
- Regjeringa sin Strategi for mineralnæringa.
- Energi21 – Nasjonal strategi for forskning og utvikling av ny energiteknologi.
- Stortingsmelding 16 (2014-2015) Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett.
- Stortingsmelding 22 (2012-2013) Verdens fremste sjømatnasjon.
- Stortingsmelding 19 (2004-2005) Marin næringsutvikling - Den blå åker.

3 Omtale av verneplanen

3.1 Verneplanområdet i dag

3.1.1 Områdeskildring

Griphølen

Området som er aktuelt for marint vern i Griphølen er på 580 km², og ligg nord for Kristiansund og sørvest for Smøla. 191 km² er allereie verna som landskapsvernområde og naturreservat (sjå kap. 3.1.5.).

Det aller meste av området er ope hav. I den delen som ligg i Kristiansund kommune er det nokre øyar og holmar ved Grip og Inngripan. I Smøla kommune er det spreidd og til dels tett skjergard i større delar av det aktuelle området.


Sjølve Griphølen er ei djuprenne mellom grunnområda ved Grip/Inngripa og Smøla-øygarden. Nordvest for Grip ligg eit grunt parti Griptaren.

Remman

Remman er eit grunnområde med nokre små holmar og skjer nordvest for Smøla, like vest-nordvest for Veiholmen. Området som er aktuelt for marint vern er 32 km². Av dette er 20,34 km² allereie verna som naturreservat (sjå kap. 3.1.5.).



Figur 1. Område aktuelt for marint vern – Griphølen (sør) og Remman (nord).



Figur 2. Djupnekart Griphølen og Remman.



Figur 3. Griphølen og skjergården sør for Smøla. Sortna i framgrunnen, Grip bak til høyre. Foto: Øivind Leren/Fylkesmannen.




Figur 4. Remman. Veiholmen bak til høgre. Foto: Øivind Leren/Fylkesmannen.

3.1.2 Arealbruk

Planstatus

Området er omfatta av Sjøområdeplan Nordmøre. Utsnitt av sjøområdeplanen ved Griphølen er vist i figur 5, og området ved Remman er vist i figur 6.




Figur 5. Utsnitt av Sjøområdeplan Nordmøre ved Griphølen.

I grove trekk viser den blå bakgrunnsskraveringa kombinerte formål (VKA) som omfattar natur, fiske, ferdsel, friluftsliv og akvakultur. Dei reine blå avgrensingane er kombinerte formål (V) natur, fiske, ferdsel og friluftsliv. For avgrensingane i sjøen nord og vest for Grip og ved Remman-/Veiholmen seier føresegnene at fiske har prioritet. I praksis er dette fiskefelt for aktive reiskapar. I den meir kantete blå avgrensinga ved Smøla er ikkje V-formåla prioritert.

Den markerte, kvadratiske skraveringa viser naturvernområde. Dei andre, mindre markerte skraveringane viser omsynssoner for gytefelt, låssettingsplassar og akvakulturlokalitetar.

Kommunane sine arealplanar går ut til 1 nautisk mil utanfor grunnlinja. Områda for marint vern går ut om dette.




Figur 6. Utsnitt av Sjøområdeplan Nordmøre ved Remman.

Fiskeri


Det er viktige fiskeriinteresser knytt til kystområda ved Kristiansund og Smøla. Fiskeridirektoratet sine registreringar av gyte- og oppvekstområde og viktige fiskeplassar for ulike reiskapstypar er vist i figur 7.

Akvakultur

Smøla er ein viktig havbrukskommune. Oppdrett av laks og aure i sjø er den viktigaste oppdrettsforma. Gjeldande tildelte lokalitetar er vist i figur 8. To av lokalitetane ligg innanfor Sør-Smøla landskapsvernombord, og det er gitt løyve i medhald av verneforskrifta for desse. I Kristiansund er det relativt nyleg gitt løyve til oppdrett av makroalgar (tare) ved Grip og Inngripan. Møre og Romsdal fylkeskommune sin forsøkskonsesjon ved Inngripan kom i drift i februar 2020. Konsesjonen ved Grip er ikkje i drift.




Figur 7. Fiskeriinteresser registrert ved Griphølen og Remman. Kjelde: Fiskeridirektoratet.




Figur 8. Akvakulturlocalitetar ved Griphølen og Remman. Kjelde: Fiskeridirektoratet.

Taretråling

Hustadvika og Nordmøre er eit viktig område for tarenæringer, og står nasjonalt for om lag 16 % av landa kvantum i Norge, jf. figur 9. Smøla er ein viktig kommune saman med Hustadvika og Averøy. Figur 10 viser hausting i området ved i Smøla i perioden 2013-2019. Haustefelta er vist med horisontale felt (ny inndeling frå 2019).



Figur 9. Prosentvis fordeling av tarehausting 2011-2018 langs kysten. Kjelde: Fiskeridirektoratet.



Figur 10. Hausting av tare i Kristiansund og Smøla 2013-2019. Kjelde: Fiskeridirektoratet.

3.1.3 Naturverdiar

Marint vern ved Grøphølen og Remman bidrar til å sikre naturverdiar som både er representative for opne kystområde og spesielle grunnområde i Noreg, og har konkrete naturverdiar som er særskilt knytt til områda. Naturverdiane er utfyllande skildra i materialet som ligg til grunn for Rådgjevande utval for marin verneplan si tilråding 30. juni 2004. Omtalen av naturverdiane i områda er difor i stor grad henta frå utvalet sine rapportar, med nokre strykingar av overflødig og utdatert tekst. I tillegg er det vist resultata frå nyare marine kartleggingar i regi av Norsk institutt for vannforskning (NIVA), Havforskningsinstituttet (HI) og Norges geologiske undersøkelse (NGU).

Grøphølen – ope kystområde

Generelle kjenneteikn:

Åpne kystområder er karakterisert ved stor gjennomstrømning av vann. Oppholdstiden for vannet innenfor grensene for et område i denne kategorien er typisk fra noen timer til dager. Kystområdene er i tillegg også eksponerte for bølger. Innenfor de enkelte områder vil det være en spennvidde i biotoper og habitater fra eksponerte klippekyster til dypere partier med fine sedimenter. Plante- og dyrelivet varierer med bunnforholdene, og mangfoldet i bunntyper gjenspeiler seg i et mangfold av organismesamfunn i disse områdene.

Spesiell omtale:

Området Grøphølen har 4 hovedelementer med Grøphølen som et dypt parti omgitt av 3 store gruntvannsområder. I øst inngår den store og grunne skjærgården sørvest for Smøla. I sør ligger Grip og Inngrøpan og i vest ligger Griptarane. Området er stort med et areal på knappe 600 km². Det ligger like i nordkant av det relativt grunne Møreplatået med Buagrunnen lengst i nord. Her blir sokkelen markert dypere og strømmene setter inn mot kysten ved Grøphølen.

Grøphølen strekker seg i nordvestlig-sørøstlig retning mellom Smølaskjærgården og Grip/Inngrøpan. Grøphølen har et største dyp på 308 m med svært bratte skråninger opp mot Smølaskjærgården i nordøst og Grip/Inngrøpan i sørvest. I lengderetningen er det markert grunnere partier både i nordvest med Jørngrunna og i sørøst med Godtarane, med forholdsvis dype passasjerer på sidene. Bunnen i de dypere partiene er sand og leire.

Smølaskjærgården øst i området er et meget særegent område med store gruntområder og ”paddemark”. Ytterst mot havet i nord og vest er det en sterkt eksponert skjærgård på kanten av den bratte skråningen ned mot dypet i Grøphølen. Innenfor går skjærgården raskt over i et oppdelt og skjermet øylandskap med en mengde småholmer og øygrupper, og med noen bredere sva av åpne farvann innimellom. Innover mot Smøla er det et nettverk av nes og halvøyer, viker, våger og valer som ender opp mot poller og brakkvannstjønner som skjærer seg inn i det flate landskapet slik at det noen steder kan være vanskelig å skille mellom sjø og land. Langs sjøen er det mye svaberg og berglendt terreng og lite av løsmassestrender. Bare i de innerste vikene fins det grus- og sandstrender. I de dypere partiene mellom holmer og skjær er det mye sand og skjellsand og mudderbunn på mer beskyttede lokaliteter. Her er store arealer med tang og tareskog.

Grip og Inngrøpan ligger på et grunt platå med en rekke øyer, holmer og skjær sørvest for Grøphølen. Dette platået er kupert med vekslende bunn- og dybdeforhold. Området er sterkt eksponert med mye tareskog. Griptarane lengst vest i området er et platå med noen skjær og grunner. Her er det gjennomgående litt dypere og bunnen er for det meste fjellbunn. Mellom Griptarane og Grip/Inngrøpan er det 100-150 m dypt med mye sandbunn.

Området har til sammen en meget stor spennvidde i naturtyper. Grøphølen har et meget rikt dyreliv som skyldes strømforholdene og transport av plantemateriale fra de store gruntområdene rundt dette

dyppartiet. Dyrelivet er ikke systematisk kartlagt i området, men dykkerobservasjoner viser at det er meget rikt og mangfoldig.

Området er særdeles forlisutsatt og det er kjent en rekke forlislokaliteter rundt fiskeværet Grip og i de sørvestre delene av Smølas skjærgård. Hele området ligger innenfor et av de prioriterte marinarkeologiske områdene, PRIMAT 4260.

Verneverdiar oppsummert:

Griphølen er et åpent kystområde med meget stor spennvidde i naturtyper. Området inneholder Griphølen som et strømrik og produktivt dypområde, den meget særegne og mangfoldige Smølaskjærgården og det kuperte undersjøiske landskapet ved Grip og Inngripa. Verneverdien er knyttet til det store mangfoldet av naturtyper som er representative for åpne kystområder på Nord-Vestlandet men som også inneholder særegne kvaliteter.

Remman – spesielt grunnvassområde

Generelle kjenneteikn:

De spesielle gruntvannsområdene har varierende bunnforhold med sand, grus, stein, svaberg og fjell. Områdene er til dels eksponert for bølger og strøm som gjør at fint sediment (leire og mudder) bare finnes i enkelte partier i indre og mer beskyttede deler.

Spesiell omtale:

Remman er et gruntområde som ligger like nordvest for Smøla i Møre og Romsdal. Det ligger som et grunt platå med bratte skråninger ned til dypere vann i vest, nord og øst. Platået er bare forbundet med et smalt parti i sør til resten av den grunne skjærgården nordvest for Smøla.

Remman er en "paddemark" av grunne skjær med geologiske strukturer og renner (5-15 m dyp) som går i retning sørvest til nordøst. Bunnen består for det meste av fjell, men med sand, skjellsand og grus i de dypere rennene.


Remman har en meget rik tareskog. Tareplantene blir her ekstra store og kraftige og danner en tett og kraftig skog med stort innslag av andre alger som vokser som epifytter på tarestilkene. Beliggenheten som et grunt platå omgitt av åpent hav og påvirket av strøm og bølger er hovedårsaken til at tareskogen er så rik i dette området. Dyrelivet er lite undersøkt. I tillegg til et mangfold av arter i tareskogen er det sannsynligvis rike forekomster av fastsittende former i de bratte skråningene fra platået mot dypere vann.

Verneverdiar oppsummert:

Remman er et undersjøisk fjellplatå som stikker ut mot storfjorden og med en spesielt storvokst tareskog. Verneverdien er knyttet til de spesielle bunnforholdene, den storvokste tareskogen og det rike og produktive dyrelivet i tareskogen og i skråningene ned fra platået.

Nykartleggingar marine naturtypar

NIVA, HI og NGU har gjennomført kartlegging og modellering av marine naturtypar i Møre og Romsdal. Datasetta vart i desember 2019 sendt over frå NIVA til Miljødirektoratet, som skal legge dei inn i Naturbase. Dette vil ta noko tid, og vi tar difor etterhald for at kartutsnittet i figur 11 ikkje er kvalitetssikra. Merk at skjellsand og tare enkelte stader overlappar, og får ein mellombrun farge som ikkje viser i teiknforklaringa. Dette synleggjer at større tareskogfigurar innehar ein mosaikk med lommer av skjellsand der det ikkje veks tare.



Figur 11. Registreringar av marine naturtypar i område aktuelt for marint vern. Remman innfelt. Kjelde NIVA.

3.1.4 Andre miljøverdiar

Kulturminner

Området ved Griphølen er særleg forlisutsett, og det er kjent ei rekke forlislokalitetar rundt fiskeværet Grip og i dei sørvestre delane av skjergarden ved Smøla. Heile området ligg innanfor eit av dei prioriterte marinarkeologiske områda PRIMAT 4260.

Remman er eit mykje forlisutsett område. Heile det foreslegne verneområdet ligg innanfor eit av dei arkeologiske prioriterte områda PRIMAT 4260.

Friluftsliv

Kristiansund kommune har kartlagt friluftsverdiane i kommunen etter handbok M98-2013 *Kartlegging og verdisetting av friluftsområder*. To område er registrert:

Namn: *Skjer og holmar rundt øya Grip*.

Skildring: *Gode fiskeplassar frå båt. Moholmen og Grønningen er naturreservat.*

Verdi: *Svært viktig friluftslivsområde*.

Namn: *Inngripa*.

Skildring: *Utfartsområde. Fiske. Båtrelaterte aktivitetar.*

Verdi: *Svært viktig friluftslivsområde*.

Smøla kommune har ikkje kartlagt friluftsområda etter handbok M98, men i den fylkesdekkande friluftsdatabase FRIDA frå 90-talet er skjergarden i Sør-Smøla gitt regional verdi som eit særskilt attraktivt turområde for båtturar, fiske og jakt. Dei seinare åra har også kajakkpadling gjort seg sterkt gjeldande, med tilrettelegging og marknadsføring av padleruter rundt Smøla.

Landskap

Landskapsverdiane i området er i stor grad knytt til skjergarden i Sør-Smøla landskapsvern-område og området Grip/Inngripa, der fyret og bygningsmiljøet på Grip er viktige. Dei urørte havområda rundt er ei viktig omramming.


Forureining og vassmiljø

I Regional plan for vassforvaltning i Vassregion Møre og Romsdal 2016-2021 er området vurdert til å ha *God økologisk tilstand*. Målet for planen er å oppretthalde status, og planen ser ingen risiko for ikkje å halde dette i planperioden.

3.1.5 Eksisterande vern

Eksisterande verneområde

Store delar av dei aktuelle marine verneområda er allereie verna som landskapsvernombåde og naturreservat. Figur 12 viser landskapsvernombåde med grønt og naturreservat med raudt saman med områda som er aktuelle for marint vern. Naturreservata som dekker sjøareal har omsyn til sjøfugl og tareskog som viktigaste verneformål. I naturreservata er det forbod mot taretråling. I landskapsvernombådet er det ikkje restriksjonar på taretråling, og det er også fastsett ei eiga sone der det etter søknad er opning for å etablere akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet for landskapsvernombådet. Gjeldande restriksjonar i eksisterande verneområde er vist i kap. 3.2.4.



Figur 12. Eksisterande verneområde – naturreservat vist med raudt, landskapsvernombåde vist med grønt.
Verneområde på land er ikkje med i tabellen.

3.2 Verneomfang og aktuelle restriksjonar

I det følgjande går utgreiingsprogrammet gjennom lovgrunnlaget for vern (3.2.1), aktuelle verneformål (3.2.2), kva delområde som skal vurderast særskilt med tanke på verneform og restriksjonsnivå (3.2.3), og ei oversikt over aktuelle restriksjonar innanfor ulike delområde (3.2.4).

Generelt gjeld at ein i verneplanarbeidet først vil vurdere i kva grad eksisterande verneområde sikrar marine naturverdiar, og om det er ønskjeleg å revidere vernereglane for desse. For naturreservata kan det også vere aktuelt å vurdere utvidingar for å fange opp ev. særskilte marine naturverdiar i direkte tilknyting til desse. Marint rådgjevande utval peika ut over dette på Griphølen og Remman som aktuelle supplerande referanseområde for forsking og undervisning. Verneplanarbeidet vil difor også vurdere om det er ønskjeleg med eigne delområde utanfor naturreservata med eit restriksjonsnivå som sikrar slike omsyn. Resterande område vil få eit lågare restriksjonsnivå som i stor grad legg til rette for å vidareføre og vidareutvikle dagens bruk.

Vurderingane av aktuelle delområde og restriksjonsnivå nedanfor er førebelse, og meir konkrete og betre grunngjevne forslag vil komme i Fylkesmannen sitt verneplanforslag når det blir sendt på høyring.

3.2.1 Lovgrunnlag

Marine verneområde

Marine verneområde er omfatta av § 39 i naturmangfaldlova:

Det kan opprettes verneområder i sjø for å beskytte marine verneverdier, herunder naturverdier som er økologiske betingelser for landlevende arter. Som marine verneområder kan vernes områder som

- a) *inneholder særegne eller representative økosystemer og som er uten tyngre naturinngrep,*
- b) *inneholder truet, sjeldent eller sårbar natur,*
- c) *representerer en bestemt type natur,*
- d) *på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- e) *utgjør en spesiell geologisk forekomst,*
- f) *har særskilt naturvitenskapelig verdi, eller*
- g) *har særskilt betydning som økologisk funksjonsområde for en eller flere nærmere bestemte arter.*

Verneområder i sjø kan opprettes for å oppfylle ett eller flere av målene i § 33 første ledd.

Verneområdet i sjø må angi om verneformålet og restriksjoner gjelder bunn, vannsøyle, overflate eller en kombinasjon av disse. For øvrig gjelder §§ 33, 34 og §§ 40 til 51 tilsvarende så langt de passer.

I et verneområde i sjø må ingen foreta seg noe som forringar verneverdiene angitt i verneformålet. Et verneområde i sjø kan vernes mot all virksamhet, forurensning, tiltak og bruk, med de begrensninger som følger av folkeretten. Restriksjoner på aktivitet skal stå i forhold til verneformålet.

Høsting og annen utnytting av viltlevende marine ressurser reguleres etter havressurslova innenfor rammene av verneforskriften.

Marine områder der beskyttelsen kun består av nærmere bestemte regler om utøving av fiske, fastsettes etter havressurslova.

Eksisterande verneområde

Landskapsvernombordet (LVO) er omfatta av § 36 i naturmangfaldlova, og naturreservat av § 37. Arbeidet med verneplanen for marint vern vil vurdere i kva grad marine verneverdiar er sikra i dei eksisterande verneområda, og om det er nødvendig å revidere verneforskriftene for desse områda.

For naturreservata (NR) kan det vere aktuelt å utvide områda dersom desse fell saman med område som er aktuelle for strengare restriksjonar, t.d. referanseområde.

Dette inneber at verneplanen truleg også vil innehalde forslag om endringar i grenser og føresegner for dei eksisterande verneområda som inngår i området aktuelt for marint vern.

3.2.2 Verneformål

Verneformål Griphølen

Formålet med det marine verneområdet er å ta vare på områda ved Griphølen som eit ope kystområde med svært stor spennvidde i naturtypar. Området er representativt for opne kystområde på Nord-Vestlandet, men inneheld også særeigne kvalitetar. Området inneheld det straumrike og produktive djupområde i Griphølen, den særeigne og mangfaldige skjergarden ved Smøla, og det kuperte undersjøiske landskapet ved Grip og Inngripa.

Verneformål Remman

Formålet med det marine verneområdet er å ta vare på dei spesielle botnforholda og det tilhøyrande rike og mangfaldige plante- og dyrelivet karakteristisk for naturtypar i grunne område. Verneformålet inkluderer også å ta vare på botnen og dyrelivet i djupare partia i tilknyting til grunnområda.

3.2.3 Alternativ som skal utgreiast

Det marine verneområdet totalt sett legg vi til grunn vil ha eit omfang nokon lunde i samsvar med meldingsområdet slik det er vist i kapittel 3.1.1. Avgrensinga er i samsvar med rådgjevande utval si tilråding, og ligg til grunn for Klima- og miljødepartementet sitt oppdrag, jf. kap. 1.

Det ligg ikkje føre klart definerte alternativ for avgrensing av ulike typar delområde innanfor dette, jf. innleiinga under 3.2. Nedanfor er det lista opp fleire geografiske område med særeigne kvalitetar, behov eller omsyn, der verneplanarbeidet må vurdere korleis ein best kan sameine bruk og vern. Det vil gå fram av verneframlegg med konsekvensutgreiing korleis dei enkelte kulepunktta er vurdert.

- Remman er verna som naturreservat, og det vil bli vurdert om det er ønskjeleg å utvide arealet for å bygge opp under funksjonen området har som urørt referanseområde. I så fall vil det skje som ei utviding av naturreservatet, med enkelte justeringar av verneforskrifta, jf. tabell 1.
- Griphølen. Sjølve Griphølen er framheva med eit mykje rikt dyreliv skapt av straumforholda og transport av plantemateriale frå dei store grunnområda rundt djuppartiet. Det kan vere aktuelt å skilje ut Griphølen som eit referanseområde eller sone som må sikrast mot negativ påverknad, t.d. organisk tilførsel frå akvakultur.
- Sortna er verna som naturreservat, og det vil bli vurdert om det er ønskjeleg å utvide arealet for å bygge opp under verneverdiane og sikre meir areal som referanseområde utan taretråling i skjergarden i Sør-Smøla. I så fall vil det skje som ei utviding av naturreservatet, med enkelte justeringar av verneforskrifta, jf. tabell 1.

- Skjergarden i Sør-Smøla kan i delar vere aktuell å vurdere som referanseområde med ein mosaikk av tareskog, skjelsandbotn og blautbotn. Avgrensing må vurderast opp mot dei mest brukte taretrålsone i ytre delar av skjergarden.
- Delar av Grip/Inngripa kan vere aktuelt som referanseområde som eit grunt, eksponert platå med vekslande botn- og djupneforhold og mykje tareskog. Ved Grip er det eit mindre naturreservat for sjøfugl. Inngripa var aktuell i verneplan for sjøfugl, men vart tatt ut i påvente av vurdering i marin verneplan. Avhengig av kva utgreiingsarbeidet kjem ut med kan det difor vere aktuelt å ta inn eit naturreservat ved Inngripa i verneplanen.
- Griptaren ligg utanfor områda opna for tarehausting, og har knytt til seg viktige fiskeriinteresser. Det ligg også langt til havs utan påverknad frå lokale og regionale forureiningstilførslar.

3.2.4 Restriksjonar

Innanfor området det er meldt oppstart for vil arbeidet med verneplanen omfatte nyetablering av reine marine verneområde, og vurdering av behovet for revisjon av verneformål, verneregler og avgrensing av eksisterande verneområde. Reine marine verneområde vil i hovudsak bestå av det vi kan kalle ordinære område med mindre restriktive føresegner, der ulike aktivitetar med avgrensa innverknad på verneverdiane kan vere tillatne. I tillegg kan det innanfor dei reine marine verneområda vere aktuelt å sette av særskilt avgrensa referanseområde som vil få eit strengare restriksjonsnivå.

I dei eksisterande verneområda som er omfatta av den marine verneplanen vil det truleg vere behov for å gjere berre mindre endringar i restriksjonsnivået for å sikre dei marine naturverdiane. Eksisterande verneområde er verna i hovudsak ut i frå omsyn til landskap (landskapsvernombret) og sjøfugl (naturreservata).

Aktuelle restriksjonar tar utgangspunkt i tilrådingane frå rådgivande utval for marin verneplan, og er summert opp i tabell 1, med ei kort grunngjeving. For utdjupande vurdering av dei ulike aktivitetane/tiltaka viser vi til tilrådingane frå rådgivande utval. Verneområda vil omfatte overflata, vassøyla og sjøbotnen. Døme på marine verneforskrifter låg ved Fylkesmannen sin nettartikkel om høyring av utgreiingsprogrammet. <https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Miljo-og-klima/Verneomrade/marine-verneomrade/gripholen/>. I tillegg finn ein informasjon om nye marine verneområde i regjeringa sin nyhetsartikkel om nye marine verneområde 23.06.2020. Eit aktuelt døme på verneforskrift for eit ope kystområde kan vere Karlsøyfjorden i Nordland. <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regjeringa-opprettar-ni-nye-marine-verneomrade/id2715363/>

Områdeavgrensingane og restriksjonsnivåa vil bli avgrensa geografisk og omtala/grunngjeve utfyllande i verneplanforslaget når det kjem på høyring.

Generelt gjeld at eksisterande bruk og vedlikehald av eksisterande installasjonar som regel kan halde fram som før. Forsvaret sin operative aktivitet og redningstenestene sine behov blir heller ikkje påverka.

Der marint verneområde overlappar med/inngår i Sør-Smøla landskapsvernombret vil det ikkje bli særskilt avgrensing mot land/private eigedomar. For Grip og Inngripa vil mest aktuelle avgrensing av marint verneområde mot privat eigedom vere ved marbakken, eller to meter der marbakke ikkje finst. For naturreservatet ved Grip gjeld tilsvarande som for Sør-Smøla landskapsvernombret.

Tabell 1. Aktuelle restriksjonar for marine verneområde Griphølen og Remman.

| Aktivitet/tiltak tillate ja/nei | Ordinære område | Referanse- område | Landskaps- vernomb. | Natur- reservat | Grunngjeving |
|------------------------------------|--------------------|----------------------|------------------------|--------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Botntrål | Nei | Nei | Nei* | Nei* | Botntråling påverkar botnen og botndyrsamfunna. Lite aktuelt i området pga. ujamn botn. *Ikke regulert i dag |
| Snurrevad | Ja | Ja | Ja | Ja | Snurrevad har avgrensa effekt på botnhabitata. |
| Fiske med passiv reiskap | Ja | Ja | Ja | Ja | Passive reiskapar har avgrensa effekt på botnhabitata. |
| Kaste-/låssettingsplassar | Ja | Ja | Ja | Ja | Tradisjonell bruk av låssettingsplassar vil ikke skade verneverdiane i området. |
| Taretråling | Ja | Nei | Ja | Nei | Uttaket av tare er samla sett relativt moderat nasjonalt/regionalt, og utgjer ein liten trussel mot tareshokane totalt sett. Referanseområde sikrar trålfrie område i Griphølen og Remman. |
| Tanghausting | Ja* | Ja* | Ja | Nei | * Tilsvarande reglar som for Sør-Smøla landskapsvernomb. |
| Skjelskrapping | Nei | Nei | Nei* | Nei* | Påverkar botnen og botnsamfunn. *Ikke regulert i dag |
| Skjelsanking | Ja | Ja | Ja | Ja | Manuell sinking har avgrensa verknad på økosystemet. |
| Akvakultur | Ja* | Ja* | Ja** | Nei | * Dispensasjonsheimel for akvakultur som ikke er i strid med verneformålet. ** Tillate i sone A. |
| Havbeite | Nei | Nei | Nei* | Nei** | Dei marine verneområda bør vere mest mogleg upåverka frå inngrep/habitatmodifikasjonar og økologisk og genetisk påverknad. *Tillate i sone A i gjeldande forskrift. **Tillate i gjeldande forskrift |
| Uttak av mineralressursar | Nei | Nei | Nei | Nei | Uttak vil gi direkte endringar i sjøbotnen, og i tillegg kjem partikkelspreiing/nedslamming. |
| Petroleumsverksemd | Nei* | Nei | Nei | Nei | Installasjonar, røyrleidningar og partikkelspreiing/forureining gir negative verknader. * Røyrleidningar/kablar ev. løyve etter vurdering. |
| Energiutnytting | Nei | Nei | Nei | Nei | Installasjonar vil gi fysiske inngrep og endre straumforhold. |
| Fysiske inngrep | Nei* | Nei* | Nei | Nei** | * Lettare lokal infrastruktur etter søknad. ** Navigasjonsinstallasjonar og andre farleitiltak etter søknad. |
| Utslepp frå land | Ja/Nei* | Ja/Nei* | Ja/Nei* | Nei | * Avhengig av storleik. Strengare i referanseområde. |

4 Tema og problemstillingar for miljø og samfunn som skal utgreiast

4.1 Generelt om innhaldet i konsekvensutgreiinga

Krav til innhaldet i konsekvensutgreiinga går fram av kapittel 5 i KU-forskrifta. Generelt gjeld at konsekvensutgreiinga i innhald og omfang skal vere tilpassa det aktuelle verneforslaget, og vere relevant for dei avgjerdene som skal takast. Vidare skal utgreiinga ta utgangspunkt i relevant og tilgjengeleg informasjon. Ved kunnskapsmangel om viktige forhold skal det innhentast informasjon.

På overskriftsnivå skal konsekvensutgreiinga innehalde omtale av:

- verneforslaget, inkludert vurderte alternativ
- miljøtilstanden
- faktorar som kan bli påverka, og vurdering av vesentlege verknader for miljø og samfunn
- metode, kjelder og usikkerheit
- førebygging av negative verknader

4.2 Metode

Konsekvensutgreiinga for marint vern vil hente metodeelement for vurdering av konsekvensgrad for aktuelle tema frå Statens vegvesen si handbok V712 *Konsekvensanalyser*. Det inneber at analyseområdet for dei fleste tema blir gitt ei vurdering av verdi, påverknad og konsekvensgrad, anten for heile området, eller for delområde dersom det er tenleg. For tema i 4.2.8 Andre tema og tiltak vil konsekvensvurderingane vere reint skildrande utan fastsetting av konsekvensgrad.

Konsekvensen av verneplanen skal målast opp mot 0-alternativet. Utgangspunktet for å skildre 0-alternativet er den noverande miljøtilstanden og korleis miljøet truleg vil utvikle seg viss planen ikkje blir gjennomført.

Utgreiinga vil i hovudsak basere seg på kvalitative vurderingar, dvs. ei best mogleg skildring av konsekvensane utan at dei nødvendigvis blir talfesta. For nokre tema kan det vere mogleg å talfeste enkeltverknader, t.d. taretråling.

4.3 Tema og problemstillingar som skal utgreiast

§ 21 i KU-forskrifta listar opp ulike faktorar/tema som kan inngå i ei konsekvensutgreiing. Fleire av desse er lite relevante for marin verneplan. Nokre av strekpunkta er også naturleg å samle fleire i eitt tema. Ut i frå § 21 og kunnskap om brukarinteresser i området har vi difor sett opp følgjande tema og problemstillingar som skal inngå i konsekvensutgreiinga:

4.3.1 Naturmiljø

Omsyn til naturmiljø og naturverdiane i verneplanområdet er utløysande for verneplanarbeidet. For tema naturmiljø vil det difor vere viktig å få fram kva marint vern vil ha å seie for naturverdiane lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt samanlikna med å ikkje verne området (0-alternativet). Temaet omfattar naturmangfold, økosystemtenester og omsynet til nasjonale og internasjonalt fastsette miljømål.

Kunnskapsgrunnlaget for naturmiljø vurderer vi som tilstrekkeleg for å dokumentere naturverdiane i området og vurdere konsekvensane av verneplanen. Viktige kjelder er m.a.

rådgivande utval sine tilrådingar, nyare kartleggingar og modelleringar frå NIVA, HI og NGU, Naturbase og Artsdatabanken. I tillegg vil det vere behov for å rekne på/vurdere naturlege næringstilførslar og tilførslar frå akvakultur for å avvege om det er nødvendig å avgrense akvakulturverksem i verneplanområdet.

4.3.2 Kulturarv

Marine kulturminne og kulturmiljø kan få styrka vern mot øydelegging og forstyrringar når området blir verna. Sjølv om kartlegging av kulturminne innanfor eit 580 km² stort område nødvendigvis må vere mangelfull, reknar vi kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å vurdere konsekvensane av verneplanen. Viktige kjelder vil vere Riksantikvaren sine databasar, fylkeskommunen og NTNU Vitenskapsmuseet.

4.3.3 Friluftsliv

Marint vern vil bidra til å sikre området mot tiltak som forstyrrar og fortrenger friluftsliv og rekreasjon. Det vil ikkje gi vesentlege nye restriksjonar for friluftsliv, med unntak av ev. ferdsselsforbod på land i hekketida dersom Inngripan vert verna som naturreservat som del av verneplanen, jf. femte kulepunkt i avsnitt 3.2.3. Friluftsinteressene reknar vi som godt kjent.

4.3.4 Landskapsbilde

Marint vern vil bidra til å sikre landskapet mot inngrep og tiltak som stikk opp over havoverflata og kan forstyrre landskapsbildet. Dette gjeld i første rekke områda utanfor eksisterande verneområde. Desse har allereie vernerestriksjonar som tar landskapsomsyna i vare. Konsekvensutgreiinga vil omfatte ei enkel landskapsanalyse med vurdering av verdi, påverknad og konsekvensgrad.

4.3.5 Naturressursar

Fiskeri

For fiskeriinteressene kan marint vern ha både positive og negative verknader. Det tel positivt at vern vil sikre sjøareala mot aktivitetar, inngrep og tekniske installasjonar som kan råke naturgrunnlaget og utøving av fiske. Dette gjeld t.d. i særleg grad vindkraftproduksjon. Kor store innskrenkingar det vil bli for taretråling er usikkert, men i nokon grad kan verneplanen innebere redusert belastning på tareskogane. Negative effektar av vern for fiskeri kan vere restriksjonar i utøving av fiske. Rådgivande utval sine tilrådingar inneheld ikkje vesentlege restriksjonar for fiskeri, men dette vil komme klarare fram i prosessen.

Kunnskapsgrunnlaget vil vere Fiskeridirektoratet sine grunnlagsregistreringar og informasjon frå fiskerinæringa gjennom deira representantar inn i verneplanarbeidet.

Hausting av tang og tare

Avgrensing av referanseområde med forbod mot taretråling skal vurderast i verneplanarbeidet. For området generelt kan det også vere aktuelt å vurdere haustesyklos som eit verkemiddel for å redusere negative verknader av taretråling. Havforskningsinstituttet foreslo dette som eit innspeil til arbeidet med å revidere tarehaustingsforskrifta for Møre og Romsdal i 2019. Totalforbod mot taretråling er ikkje aktuelt. Kunnskapsgrunnlaget for tema tarehausting vil vere kartlegging/modellering av tareskog, jf. figur 11, Fiskeridirektoratet sin fangststatistikk, forskriftsarbeidet i 2019 og Havforskningsinstituttet sine rapportar om verknader av tarehausting, og informasjon frå tarenæringa gjennom deira representantar inn i verneplanarbeidet.

Når det gjeld tanghausting er dette ein aktivitet som vurdert så langt kan fortsette innanfor rammene av verneforskrifta for Sør-Smøla landskapsvernområde og ikkje vil få endra vilkår.

Mineralutnytting (skjelsand)

Marint vern vil hindre uttak av skjelsand. Konsekvensane av dette vil bli vurdert opp mot kartlagde ressursar og omfang av uttak i fylket og nasjonalt. Andre mineralressursar i sjø er det svakt kunnskapsgrunnlag om, og må omtalast meir generelt. I tillegg vil det bli vurdert om verneplanen kan påverke frakt av massar frå pågåande og andre kjende ressursar på land i influensområdet.

4.3.6 Akvakultur og havbeite

Forbod mot akvakultur er ut i frå rådgjevande utval sine tilrådingar lite aktuelt. Ved slutt-handsaminga av dei ni marine verneområda som blei oppretta 23. juni 2020, blei det tatt inn i verneforskriftene ein spesifisert dispensasjonsheimel for akvakultur som ikkje er i strid med verneformålet. Klima- og miljødepartementet viste til at akvakultur er ei næring i rask utvikling, og at det i framtida kan vere mogleg at akvakultur kan sameinast med verneformålet i område der dette ikkje er aktuelt i dag. Ved eit eventuelt vernevedtak for Griphølen, vil derfor det mest sannsynlege utfallet vere at det blir tatt inn ein slik dispensasjonsheimel i verneforskrifta.

For havbeite meiner Fylkesmannen ut i frå rådgjevande utval si tilråding at det er ønskjeleg med forbod, også sett i lys av at det er lite aktivitet og ikkje arealknappheit knytt til havbeite regionalt og nasjonalt.

Vurdering av konsekvensar for akvakultur og havbeite vil basere seg på medverknad frå Fiskeridirektoratet, fylkeskommunen, kommunane og næringa sine representantar i verneplanarbeidet. Viktige moment i vurderinga vil vere potensialet for havbruksproduksjon i området, både ut frå dagens teknologi og sett i eit framtidsperspektiv, og mogleg tap av produksjon, arbeidsplassar, kommunale inntekter m.m.

4.3.7 Energiproduksjon

Området kan ha potensiale for utnytting til energiproduksjon, som t.d. vindkraft, bølgjekraft eller tidevasskraft. Teknologi for bølgjekraft og tidevasskraft er så lite utvikla at det ikkje vil bli omtala. Vindkraft vil i tillegg til dialog med NVE bli omtala på grunnlag av tilgjengeleg materiale, m.a. NVE-rapportane 9-2008 *Vindkraftpotensialet utenfor norskekysten (offshore)*, 9-2009 *Vindkart for Norge* og NVE sine dokument *Havwind - Forslag til utredningsområder* frå 2010 og *Havwind- Strategisk konsekvensutredning* frå 2012.

4.3.8 Andre tema og tiltak.

Det er ei rekke tema og tiltak som kan tenkast å bli påverka av eit marint vern av Griphølen og Remman. Dette kan vere reiseliv, mindre utbyggingstiltak, landbruk, petroleumsverksemd, forsvaret, samferdsel, legging av kablar og røyrleidningar m.m. Konsekvensutgreiinga vil ta inn omtale av slike element i nødvendig grad ut i frå innspel og problemstillingar som kjem fram gjennom verneplanarbeidet.

4.3.9 Samfunnsmessige verknader

Konsekvensutgreiinga skal innehalde ei vurdering av samfunnsmessige verknader av verneforslaget. Verknadene skal vurderast ut frå konsekvensar for næringar som får avgrensingar i sitt utviklingspotensial, og følgjer for framtidig verdiskaping, busetting og sysselsetting.

4.3.10 Samla vurdering

Konsekvensutgreiinga vil gi ei samla vurdering der konsekvensane av verneforslaget for ulike tema blir samanstilt og avvegne. Den samla vurderinga skal i tillegg også sjå på samla verknader av eksisterande og nytt vern for kommunar og verksemder.

5 Prosess og medverknad

5.1 Formell prosess

Klima- og miljødepartementet har fastsett eit eige rundskriv T-2/15 med sakshandsamingsreglar ved områdevern etter naturmangfaldlova. Rundskrivet utfyller reglane som følgjer av §§ 41-43 i lova. Sakshandsamingsprosessen er skjematiske framstilt i figur 13.

Prosessen legg opp til to opne høyringsfasar der alle har høve til å gi innspel og merknader.

1. Oppstart/meldingsfase. Fylkesmannen melder om oppstart av verneplanarbeidet med forslag til utgreiingsprogram. Oppstart blir annonser i aviser, på nett og med brev til grunneigarar og kjende interessentar. Frist for innspel er seks veker. Det blir arrangert ope informasjonsmøte i løpet av høyringsperioden.
2. Høyring av verneframlegg. Fylkesmannen legg eit forslag til vern med kartavgrensing, verneføresegn og høyringsdokument/konsekvensutgreiing ut til offentleg ettersyn. Høyringa blir annonser i aviser, på nett og med brev til grunneigarar og kjende interessantar. Frist for innspel er seks veker. Det blir arrangert ope informasjonsmøte i løpet av høyringsperioden.

I tillegg til dei to opne fasane er det i figur 13 sett opp at det er høve til å komme med innspel til verneframlegget til Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet fram mot at saka blir slutthandsama i regjeringa ved Kongen i statsråd.

Forankring av verneprosessen er omtala i kap. 1, jf. første boksen i flytskjemaet.

5.2 Organisering av arbeidet

Fylkesmannen har behov for bistand frå forvaltning og viktige private organisasjonar og aktørar. Det vil bli oppretta ei avgrensa forvaltningsgruppe og ei meir open kontaktgruppe. Ein eller fleire enkeltaktørar frå kontaktgruppa kan bli invitert til særmoter i forvaltningsgruppa dersom det er behov for å drøfte særskilte tema eller problemstillingar.


Forvaltningsgruppe

Fiskeridirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune, Kristiansund kommune og Smøla kommune.

Kontaktgruppe

Representantar for viktige organisasjonar og private aktørar etter invitasjon, samt eventuelle interessantar som kjem til i løpet av prosessen, t.d. etter oppstart. Nokre aktuelle aktørar er m.a.:

Møre og Romsdal Fiskarlag, Sjømat Norge, Dupont Nutrition Norge AS, Forum for Natur og Friluftsliv, Norsk Ornitologisk Foreining, Smøla Jeger og fiskerforening, Nils Aukan (dykkarrepresentant), Smøla næringsforening, Kristiansund og Nordmøre næringsforum.



Figur 13. Sakshandsamingsprosessen for områdevern etter naturvernlova, jf. rundskriv T-2/15 frå Klima- og miljødepartementet.

5.3 Framdriftsplan

Det er sett opp ein grov plan for framdrift for arbeidet med verneplanen.

**Tabell 2.Grov framdriftsplan for arbeidet med marint vern av Griphølen og Remman.
Offentleg medverknad markert med grønt.**

| Aktivitet | Periode |
|------------------------------------------------------|-------------------|
| Melding om oppstart av verneplanarbeid | 2. kvartal 2020 |
| Ope informasjonsmøte | 2. kvartal 2020 |
| Merknadsgjennomgang/justerering av utgreiingsprogram | 3. kvartal 2020 |
| Utgreiingsprogram fastsett av Miljødirektoratet | 4. kvartal 2020 |
| Utarbeiding av verneframlegg med konsekvensutgreiing | 1-3. kvartal 2021 |
| Fagleg godkjenning i Miljødirektoratet | 4. kvartal 2021 |
| Høyring | 1. kvartal 2022 |
| Ope informasjonsmøte | 1. kvartal 2022 |
| Merknadsgjennomgang/justerering av verneframlegg | 1-2. kvartal 2022 |
| Oversending til Miljødirektoratet | 2. kvartal 2022 |

5.4 Informasjon

Informasjon om verneplanarbeidet vil ligge på Fylkesmannen sine nettsider:


<https://www.fylkesmannen.no/nn/More-og-Romsdal/Miljo-og-klima/Verneomrade/marine-verneomrade/>

6. Referansar

- Brattegard, T. og Holthe, T. (red.), 1995: Kartlegging av marine verneområder i Norge. Tiltråding fra rådgivende utvalg, - Utredning for DN 1995-3. Direktoratet for naturforvaltning. Lenke: <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/publikasjoner-fra-dirnat/dn-utredninger/kartlegging-av-egnede-marine-verneområder-i-norge/>
- Rådgivende utvalg for marin verneplan pr. 17. februar 2003: Foreløpig tilråding Lenke: https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/dokumenter/vernet-natur/marint-vern/marinverneplan_forelopgitilradning170203.pdf
- Rådgivende utvalg for marin verneplan 30. juni 2004: Endelig tilråding med forslag til referanseområder. Lenke: https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/dokumenter/vernet-natur/marint-vern/marinverneplan_endeligttilradning300604.pdf

7. Vedlegg

Kart over områda det er meldt oppstart for.



Oppstart marint vernplanområdegrense for Remman

Områdenavn: Griphølen



- Foreslått marint vern
- Eksisterende naturvernområde

DYBDE_Meter

- 2 - 30
- 31 - 75
- 76 - 150
- 151 - 250
- 251 - 600

0 0.5 1 2 Kilometers

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, mai 20



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2025, 6404 Molde | fmmrpost@fylkesmannen.no | www.fylkesmannen.no/mr

